



Ulsteinvik, 01.02.2006

KS
Postboks 1378 Vika
0114 OSLO

KOPI

KOMM. OG REG. DEP	
10 FEB 2006	
05 13280 - 267	
Ark.	661.0
Avd.	HO 1 24 1 HØR

Arkivsak nr.:	Løpenr.	Arkivkode	Vår ref.	Dykkar ref.
06/00105	001115/06	230 //	ADM/SEK/HSAAD	200501051-3

**Saka gjeld: KOU 2005:1 - EGNE INNTEKTER FOR KOMMUNANE - HØYRING
MELDING OM VEDTAK**

Ulstein formannskap har i møte den 31.01.2006 i sak 06/0016 gjort fylgjande vedtak:

- 1. Ulstein kommune meiner at utvalget si utgreiing og tilrådingane i KOU 2005:1 representerer eit viktig og nytt grep for å sikre kommunane større handlefridom og sjølvstyre.*
- 2. Men ein kan ikkje tilrå innføring av friare skattlegging utan at staten og kommunane gjensidig har avklara vesentleg betre enn no kva standard og omfang statleg pålagde velferdsoppgåver skal ha og kva dei kostar, og at kostnadsansvarsprinsippet skal gjelde for staten for nye og tidlegare pålagde nasjonale velferdsoppgåver.*
- 3. Det må utgreiast og avklarast meir presist kva det vil ha å seie dersom ulikskap i skattegrunnlag gir resultat som ein ikkje ønskjer, og om det til dømes vil føre til inngrep frå staten som råkar dei skattesterke kommunane på ein negativ måte og gjer systemet mindre forutsigbart og lite stabilt.*
- 4. Ulstein kommune er samd i at eigedomsskatten blir ført vidare som ein frivillig skatt og utvida til å gjelde alle eigedomar i kommunane.*
- 5. Ulstein kommune har heller ikkje merknader til at naturessursskatten også skal gjelde industriell bruk av andre ressursar enn no, t.d. vindkraft, oppdrett osv.*
- 6. Brukarbetaling for VAR-tenester bør utgreiast nærare, slik utvalget tilrår, men også andre typer brukarbetaling og lokale avgifter kan kommunane få større fridom til å fastsetje sjølv.*

Vedtaket vert referert som melding i kommunestyret den 09.02.2006.

Sakshandsamar er: *rådmann Hans Jakob Sandanger*

Med helsing

Marianne Hatløy
Marianne Hatløy
politisk sekretær

Vedlegg: Saksframlegg datert 23.01.2006.

Kopi til : Møre og Romsdal fylke

✓ Det kongelige kommunal- og regionaldepartement
Kommunestyret
Arkiv

Ulstein kommune

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar : Hans Jakob Sandanger

Arkiv: 230

Arkivsak 06/00105

Løpenr.: 000764/06

Saka gjeld: KOU 2005:1 - EGNE INNTEKTER FOR KOMMUNANE - HØYRING

Saksfakta:

Vedlegg prenta:

1. Høyringsbrev frå KS, datert 16.11.2005
2. Kapittel 2 i KOU:2005:1 - Sammendrag og anbefalinger

Mrk at sjølv om høyringsfristen er 06.februar, er det sagt at medlemar kan sende inn synspunkt og innspel fram til 01. mars. KS vil ta også desse innspela i arbeidet sitt.

I det utsende sammendraget er utvalget sine tilrådingar vist, sjå side 14. Hovudforslaget:

- *Kommunene får frihet til å øke eller redusere skattøren for inntektsskatten med inntil to øre i hver retning. Endringer i skattøren kan gjøres ned til en tidels nivå.*
- *Skattutjevningen mellom kommuneforetas i forhold til en normsats basert på dagens skattesatss i kommunene.*

I tillegg tilrår utvalet at eigedomsskatten framleis skal vere frivillig skatt, men ikkje lenger avgrensa til bymessige strøk.

Naturressursskatt kan utvidast til industriell bruk av andre ressursar, f.eks vindkraft og oppdrett. For VAR-tenester vil utvalet få utgreidd om sjølvkostprinsippet kan erstattast av lokalt tilpassa normar.

Forslaget er basert på at det skjer utjamning av skatteinntekter tilsvarande eit normert nivå som staten fastset kvart år (normert skattøre som idag) ut frå behovet staten har for overordna styring av kommunesektoren. Så kan kommunane bestemme om dei vil ligge over eller under dette nivået – uten at desse inntektene blir gjenstand for utjamning.

Det er også føresett at ekstrainntektene som kommunane på denne måten får inn, ikkje skal ha betydning for tildeling av skjønnskot, prosjektmidlar osv, og heller ikkje til å dekke inn statlege handlingsplanar som ikkje er fullfinansierte.

Bakgrunnen for oppnemning og mandat er ganske sikkert erfaringane frå dei siste åra si stadig sterkare statsstyring med tilhøyrande underfinansiering av oppgåver ein er pålagt å gjennomføre – kommunane er blitt "statlege direktorat", iverksetjarar av statleg politikk. Sjø

også følgjande i KS sitt strategidokument 2004-08: "lokalt handlingsrom forutsetter større kontroll over egne inntektsmuligheter enn kommunesektoren har idag".

Det er svært positivt at utfordringa er sett på dagsorden på denne måten og mykje i utgreiinga er det greitt å slutte seg til. Meir aktivt lokaldemokrati, betre tilpassa tenester, prioriteringar meir i tråd med innbyggjarane sine ønskje og behov, større økonomisk effektivitet og mindre spel mellom nivåa (stat, kommune) – alt dette er sannsynlege gevinstar med få atterhald, men kva med motforestillingane?

Motforestilling C og D (sjå Sammendraget) er ikkje tunge nok, langt på veg tilbakevist i utvalget sitt arbeid.

Derimot er det grunn til å feste seg ved Motforestilling A og B.

I utgreiinga er det lagt for lite vekt på at kommunar kan misse inntekter/statlege overføringar. Ulikskap mellom kommunar som friare kommunal beskatningsrett vil føre til, er heller lite vektlagt og/eller drøfta.

Må skattefridomen brukast til å betale for statlege satsingar utan anvist dekning?

Det er rimeleg semje om at kommunesektoren idag er relativt sterkt underfinansiert – særleg i forhold til standardar og krav til gjennomføring av nasjonale, statleg pålagde velferdstenester. Det er m.a. derfor ein reell fare for at kommunane nokså raskt blir tvinga til å nytte høgste skattesats, og også få skulda for skatteskerpinga. Dette vil berre føre vidare og forsterke folk si oppfatning av "spel" mellom kommune og stat, der kommunane oftast får "svarteper".

Utvalget peiker på dette, og meiner at stat og kommune i større grad må bli samde om kostnadane ved ulike statlege initiativ. Utvalget meiner også at ein friare rett for kommunane til å auke/senke skatten i forhold til normert nivå, vil gjere forbindelsen mellom oppgåver og ressursar tydelegare for folk, vise at ein ikkje kan både få meir tenester og samstundes lavare skatt, og ei slik ordning vil trekke innbyggjarane inn i oppgåva med å skape betre balanse mellom det som skal gjerast og det ein har til disposisjon.

På litt sikt er det muleg at eit slikt ønska resultat kan bli nådd, men som også utvalget peikar på, er det kommunane si erfaring at staten legg oppgåver til lokalnivået, ofte med standardkrav og/eller rettighetsfesting utan klarlegging av finansieringa. Dersom det ikkje blir gjennomført ordningar med konsultasjonar mellom stat og kommune som mykje betre avklarar standardar, kostnader og finansiering av noverande og framtidige velferdsoppgåver, har ikkje eit system med friheit for kommunane til å regulere skatten med +/- 2 % noko for seg.

Det kan vere at begge partar vil erkjenne behovet for, og gjennomføre meir reelle og bindande konsultasjonar om oppgåver, kostnader og finansiering dersom staten først går inn for slik større fridom til å auke/minke skatten som er tilråda. Slik eg oppfattar utvalget, er det føresett at dette vil skje. Det står igjen å sjå, og før staten samordnar betre forholdet sitt til kommunenivået og avgrensar den sektoriserde statsstyringa, er det liten grunn til å vere optimist.

Vil friare lokal beskatning skape ulike vilkår som verken er ønskt eller muleg å handtere?

Kommunar med høgast skattegrunnlag vil få inn 2,5-3 gongar så mykje pr. innbyggjar ved ein auke på 1 øre som kommunen med lavast skattegrunnlag. Dersom staten slepp taket i oppgåva med /ansvaret for å finansiere eit nokonlunde likeverdig velferdstilbod og gradvis let det bli eit lokalt ansvar, vil det bli svært store forskjellar mellom kommunane. Det vil bli ein annan lokal fridom og opning for lokale prioriteringar enn det utvalget legg opp til.

Opp mot denne utfordringa, set også utvalget som føresetnad at normert skatt (som gjeld alle) og overøfringar/tilskot, skal vere tilstrekkeleg til å finansiere standard velferdsoppgåver, og at systemet med utjamning skal sikre eit rimeleg likt tenestetilbod også i kommunar som har svakast skattegrunnlag. Dersom effekten av friare kommunal skattlegging skulle gi større ulikskap enn ønskt, kan staten utjamne meir og evt. setje nye grenser for den frie skattlegginga. Dette som kan synest litt inkonsekvent kan kanskje bety at kommunar med sterkt skattefundament vil få trekk i normert skatteinntekt som er så merkbar at dei blir "tvinga" til å bruke den lokale beskatningsretten.

Det er elles neppe høgre/lågare skatt innnanfor dei rammene som er tilrådd, som vil gjere at folk engasjerer seg og blir meir nøgde. Tenestene eller tiltaka som pengane blir brukte til, vil bety mest. Det vil også ha mest å seie for om folk flytter frå ei kommune til ei anna, - ikkje skattetrykket, men om kommunen klarer å nytte den lokale skatten til å gi betre tenester eller gjennomføre investeringar som folk synest er viktige.

Det er elles verdt å merke seg at utvalget ikkje er redd for at kommunen skal nytte auka lokal skattlegging til å gjere investeringar som bind kommunen for langt tid. Dialogen med innbyggjarane, eller klargjering før eit valg om at auka skatt vil bli brukt til å bygge kulturhus, symjehall eller liknande, er nemnt som døme på oppgåver som folk kan gi si tilslutning til å løyse ved auka skatt. Dersom dette låser for valg som kan gjerast av politikarar i komande valgperioder, er det vel ein fare for at dialogen med lokalbefolkninga vert kortvarig. På den andre side, er det vel ikkje mykje i den lokale skattleggingsfridomen, dersom han berre kan nyttast til tiltak som kan "gjerast opp" innnanfor ei fireårs-periode.

Tilråding frå Rådmannen:


1. Ulstein kommune meiner at utvalget si utgreiing og tilrådingane i KOU 2005:1 representerer eit viktig og nytt grep for å sikre kommunane større handlefridom og sjølvstyre.
2. Men ein kan ikkje tilrå innføring av friare skattlegging utan at staten og kommunane gjensidig har avklara vesentleg betre enn no kva standard og omfang statleg pålagde velferdsoppgåver skal ha og kva dei kostar, og at kostnadsansvarsprinsippet skal gjelde for staten for nye og tidlegare pålagde nasjonale velferdsoppgåver.
3. Det må utgreiast og avklarast meir presist kva det vil ha å seie dersom ulikskap i skattegrunnlag gir resultat som ein ikkje ønskjer, og om det til dømes vil føre til inngrep frå staten som råkar dei skattesterke kommunane på ein negativ måte og gjer

systemet mindre forutsigbart og lite stabilt.

4. Ulstein kommune er samd i at eigedomsskatten blir ført vidare som ein frivillig skatt og utvida til å gjelde alle eigedomar i kommunane.
5. Ulstein kommune har heller ikkje merknader til at naturessursskatten også skal gjelde industriell bruk av andre ressursar enn no, t.d. vindkraft, oppdrett osv.
6. Brukarbetaling for VAR-tenester bør utgreiast nærare, slik utvalget tilrår, men også andre typer brukarbetaling og lokale avgifter kan kommunane få større fridom til å fastsetje sjølv.

Ulsteinvik/23.01.2006

Hans Jakob Sandanger
rådmann





Ulsteinvik, 01.02.2006

KS
Postboks 1378 Vika
0114 OSLO

KOPI

Arkivsak nr.:	Løpenr.	Arkivkode	Vår ref.	Dykkar ref.
05/00721	001116/06	103 //	ADM/SEK/VLAAD	

**Saka gjeld: INNTEKTSSYSTEMETNOU 2005:18
MELDING OM VEDTAK**

Ulstein formannskap har i møte den 31.01.2006 i sak 06/0017 gjort fylgjande vedtak:

1. *Ulstein kommune sluttar seg til notatet "Drøfting av ulike sider ved inntektssystemutvalgets rapport NOU 2005:18" med unntak av pkt. 2.2. og pkt. 4.2.*
2. *Til punkt 2.2. vil Ulstein kommune peike på at det er viktig at ordninga med oppdatering av folketal i berekninga av utgiftsutjamning held fram. Den ordninga som er foreslått med kompensasjon gjennom skjønsmidlar har ingen verdi dersom skjønsmidlane vert redusert til eit minimum.*
3. *Til punkt 4.2. vil Ulstein kommune peike på at ordninga må vidareførast som i dag. Det er viktig at finansieringsordningane er stabile over tid og at rammene er forutsigbare.*
4. *Når det gjelder framlegg til fordelingsnøkkel for pleie og omsorg tek denne ikkje høgde for kostnader knytt til aldersgruppa under 67 år. I vår kommune går ein stadig større del av ressursane i omsorgssektoren til denne gruppa. Ein bør finne betre kriterier for å fange opp spesielt ressurskrevande brukarar. Nøkkelen må difor endrast.*
5. *Ulstein kommune vil vidare understreke at staten, uavhengig av fordelinga gjennom inntektssystemet, må vise større vilje til å finansiere dei reelle kostnadane knytt til dei oppgåvene som kommunesektoren har / får ansvaret for.*

Vedtaket vert referert som melding i kommunestyret den 09.02.2006.

Sakshandsamar er: *ass. rådmann Verner Larsen*

Med helsing



Marianne Hatløy
politisk sekretær

Vedlegg: Saksframlegg datert 23.01.2006.

Kopi til: Møre og Romsdal fylke

✓ Det kongelige kommunal- og regionaldepartement
Kommunestyret
Arkiv

Ulstein kommune

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar : *Verner Larsen*

Arkiv: 103

Arkivsak 05/00721

Løpenr.: 000733/06

Saka gjeld: INNTEKTSSYSTEMET NOU 2005:18

Saksfakta:

Vedlegg prenta:

1. Notat "Drøfting av ulike sider ved inntektssystemutvalgets rapport NOU 2005:18
2. NOU 2005:18 kapittel 2 samandrag.

Ikkje vedlagde saksdokument:

- 1.

Vurdering:

For Ulstein kommune vil ei endring av inntektssystemet slik det er lagt opp til i NOU 2005:18 føre til ei redusert inntekt på 548 kr pr innbyggjar eller om lag 3.7 mill kr. Det ligg i utgreiinga eit framlegg til ny overgangsordning som kompenserer kommunar som får endringar som er større enn 400 kr pr innbyggjar slik at endringa første året for Ulstein kommune vert redusert til 2,7 mill kr. I utgreiinga er det ikkje vist utrekningar med tal frå gamle og nye kostnadsnøklar. Det er berre vist ei utrekning på samla effekt. Vi kan difor ikkje sei kva endringar som slår mest ut for vår kommune.

Det vert vist til kostnadsnøkkelen for pleie og omsorg. Den nye nøkkelen etter framlegget vert utrekna med ein slik oppbygning:

Innbyggere 67 – 79 år	0,2032
Innbyggere 80 – 89 år	0,3360
Innbyggere 90 år og over	0,1582
Andel psykiske utv. hemmede	
16 år og over	0,1091
Ikke gifte 67 og over	0,1648
Avstand til sonesenter	0,0134

Ut frå KOSTRA-tal for 2004 viser det seg for vår kommune at 35,3 % av brukarane for heimetenester er under 67 år. Det er ein klar tilbakemelding frå omsorgssjefen at ein stadig større del av ressursane innanfor sektoren går til yngre brukarar. Dette er ikkje fanga opp i dei nye kostnadsnøklane.

I utgreiinga vidare tek ein utgangspunkt i vedlegg 1 og knytte kommentarar til dette vedlegget.

Til punkt 2.2 Vekstkommuneproblematikk:



Vedlegg 1 og utgreiinga legger begge opp til at den ordninga som no er innført med korrigerings av utgiftsutjamning basert på folketal pr 01.01. i budsjettåret ikkje skal

vidareførast. Vekstkommunar som får spesielle problem vert vist til skjønnstilskotet. På same tid gjer dei framlegg om at skjønnstilskotet vert redusert til eit minimum og at skjønnstilskotet berre skal dekke "forbigående tilfeldige belastningar på enkeltkommuner". For dei fleste vekstkommunar er situasjonen den at ein har eit kontinuerleg press på infrastruktur over tid. For Ulstein kommune er det viktig at korrigering av utgiftsutjamninga i budsjettåret held fram.

Tilråding frå Rådmannen:

1. Ulstein kommune sluttar seg til notatet "Drøfting av ulike sider ved inntektssystemutvalgets rapport NOU 2005:18" med unntak av punkt 2.2.
2. Til punkt 2.2. vil Ulstein kommune peike på at det er viktig at ordninga med oppdatering av folketal i berekninga av utgiftsutjamning held fram. Den ordninga som er foreslått med kompensasjon gjennom skjønsmidlar har ingen verdi dersom skjønsmidlane vert redusert til eit minimum.
3. Når det gjelder framlegg til fordelingsnøkkel for pleie og omsorg tek denne ikkje høgde for kostnader knytt til aldersgruppa under 67 år. I vår kommune går ein stadig større del av ressursane i omsorgssektoren til denne gruppa. Nøkkelen må difor endrast.
4. Ulstein kommune vil vidare understreke at staten, uavhengig av fordelinga gjennom inntektssystemet, må vise større vilje til å finansiere dei reelle kostnadane knytt til dei oppgåvene som kommunesektoren har / får ansvaret for.

Ulsteinvik, 23.01.2006


Hans Jakob Sandanger
 rådmann